

## Diserud – Dissærudhi (gnr. 157)

Dissærudhi: Gardnamn i bøyingsform der førsteleden sikkert er kvinnenamnet Dis. Skrivemåten av namnet har vore heller lite skiftande og som regel godt kjenneleg.

Det er i eit diplom av 1424 ein først finn garden omhandla i skrivne kjelder. To lagrettemenn gjer det kunnig at dei var !a Dissærudhi da Ifuer Thoresson selde sin arvelod i Dissærudhi og det han åtte i Hionghæridhi”. – I 1560 var ”Diiserudt” erkebispegods og svara 1 pd. Fisk i landskyld. Ein mannsalder seinare er gardnamnet skrivi Diiserud, og garden vart da ført i gruppa for ”Halfue gaarde”, som svara 1 ort til den ekstra bygningsskatten. Ti år seinare heitte brukaren Gulich Diserud, og han vart da ført i gruppa for ”Ødegaardsmend”. Så er det ei lang tid da Diserud eller nokon derifrå i det heile ikkje er nemnt i skrivne kjelder.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane, og der finn ein og gardsbruket ”Disserud” nemnt. Garden låg da under Mæhlum og hadde truleg alt gjort det i lengre tid. Av matrikkelen for 1668 går det elles fram at Diserud da var krongods som Mæhlum i det heile, og at landskylda av Diserud da var 5 skinn, men at den og kunne svarast med 1 pund 3 merker smør.

Om Diserud på 1700-talet handlar ei sak av 1715 som her er av interesse; og som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Diserud i Faaberg. 10. septb. 1715

Retten satt i en løvhytte.

Jacob Snackhoel har innstevnt Halvor Mellum som bruker Diserud fordi han har flekket bark i citantens skog, satt opp gjerde i deres felles mark og derved hindrer den gamle drift tilfjelds. Efter avhøring av en del vidner, inngikk Jacob og Oluf Snackhoel følgende forening med halvor Mellum:

Halvor Mellum skal nyde fornødent gjerdefang til Diseruds gjerder på Snackhoel så vel som i Jongerud skog, hvormed Jongeruds besidder Ifuer Christensen var fornøiet. Dessuten skal Halvor Mellum ha fornøden bark i Snackhoels skog til at tekke sin ene hølade på Diseruds engeland.”

Av 1719 er ei anna sak som gjeld Diserud, og som etter utskrift er framstelt slik:

”Diserud i Faaberg. Faaberg 3. septb. 1719

Tord Disserud har innstevnt Niels Bleggen fordi han har slått hans eng og innhøstet høiet, imot inngått kontrakt.

Citanten innhav en kontrakt mellem ham og forrige oppsidder på Bleggen Peder Halvorsen av 1717 og et makeskiftebrev mellem Ole Christophersen Traasetter og bemeldte Peder Halvorsen av 1718.

Saken flyttes til neste ting.

Faaberg 15. febr. 1720

Avsagt: Så som citanten Tord Disserud med en tinglyst kontrakt av 12. juni 1717 beviser at han sin levetid skal nyde Napsveen engeland under Bleggen til sin pl. Disserud, hvilket engeland innstevnte tilstår å ha slått da han mente det hørte under hans gård Bleggen, så skjønnes for rett, at Tord Disserud efter kontrakten bør bruke Napsveen engeland sin livstid, imot årlig avgift til Bleggens Oppsiddere. Citanten nyder det hø som innst. Niels Bleggen har slått og innhøstet. Niels Bleggen betaler 3 rd. til Tord Disserud.”

Ei tredje sak om Diserud er av 1721 og har etter utskrift av tingboka denne ordlyden:

”Diserud i Fåberg.

Jørstad i Faaberg 27. febr. 1721

Ole Halvorsen Mellum har innstevnt sin bror Peder Halvorsen Mit-Jørstad, Ole Halvorsen Traasetter og hans leilending Niels Nielsen Blegen fordi de ikke vil betale ham 2 års resterende husleie av husværet Disserud under grd. Mellum, som Tord Olsen besidder. Parterne blev omsider såleis forenet at citanten Ole Halvorsen skal ha 2 rd. 2 ort årlig for husværet Disserud. Herav svare Niels Nielsen Blegen 1 rd. 1 ort, Peder Halvorsen Jørstad 2 ort og Tord Olsen Disserud 3 ort, som betales uten motsigelse så lenge kontrakten varer.”

Etter matrikkelframlegget av 1723 går det vidare fram at Ole Halvorsen Mæhlum også da var brukar av krongodset ”Disserud”. – Trettiseks år seinare kom elles det store skifte i dette, med di Ole Bentsen Mellum da fekk Kongel. skjøte på innløysingsretten til 9 skinn i Diserud for 33 rd. Skjøtet er datert 29. sept. 1759.

Oppsittar på Diserud i den tid var elles Halvor Olsen Diserud, som i 1755 hadde gifta seg med Anne Lisabeth Pedersdr., og dei fekk 6 born. Dei var: 1. Ole f. 1757, 2. Peder f. 1760, 3. Anne f. 1762, f. Johanne f. 1767, 5. Anders f. 1770, 6. Aaste f. 1775.

I 1777 er det elles fortalt at Ole Mæhlum gav skjøte til Peder Halvorsen på ”Disserud for....”. – Peder Halvorsen Diserud, som det her gjeld, gifta seg 2. juni 1784 med Sidsel Amundsdr. Døsen, og dei fekk i sitt ekteskap 4 born. Det var: 1. Halvor f. 1784, 2. Amund f. 1786, 3. Anne f. 1789, død same året 23 veker gamal, 4. Anne f. 1790.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 9 familiar på og/eller ved ”Mælum”. Av desse budde visstnok dei 3 familiare på og/eller ved Diserud. Dei var:

a. som 7. familie under Mælum: 1. Peder Halvorsen, ”Husmand med jord”, 41 år, 2. Sidsel Amundsdr., kona hans, 41 år, 3. Amund Pedersen, son deira, 15 år, 4. Anne Pedersdr., dotter deira, 11 år,

b. som 8. familie under Mælum: 1. Halvor Olsen, ”Inderste utan jord”, Bødker, 74 år 2. Lisbeth Pedersdr., kona hans, 66 år,

c. som 9. familie under Mælum: 1. Nils Syversen, husmann med jord og smed, 79 år, 2. Anne Dagsdr., kona hans 79 år, 3. Niels Engebretsen, barnebarn, 6 år, 4. Marit Engebretsdr., barnebarn, 8 år.

Ein merker seg her at Peder Halvorsen og hustru Sidsel framleis er oppført som husmannsfolk under Mælum. Vidare merker ein seg at både dei to gamle karane det her gjeld dreiv som handverkarar: Halvor Olsen som bøkkar, og Nils Syversen som smed.

Litt meir om storleiken på gardane går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Mæhlum med Diserud” oppgitt at buskapen av store husdyr på garden i den tid var 7 hestar og 3? Naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 140 tønner, som var den høgste årlege kornavling ein einskild av Fåberg-gardane hadde i den tid. Nest etter kom Søgarden Jørstad med ei årsavling på ca. 120 tønner korn. Om Mælum med Diserud i 1819 er det dessutan opplyst at det da låg 4 husmannsplassar til dei to gardane.

Oppsittarfolka på Diserud kring 1820 var Christen Pedersen f. Hond og Anne Pedersdr. fødd v/Mælum. Kristen og Anne gifta seg 7. nov. 1820, og dei fekk i sitt ekteskap 7 born. Det var: 1. Peder f. 1820, 2. Amund f. 1822, 3. Simen f. 1824, 4. Marthe f. 1825, 5. Hans f. 1827, 6. Berthe f. 1829, 7. Simen,

Ved matrikuleringa i 1838 var Diserud framleis brukt saman med Mælum og er ikkje eingong særskilt nemnt. Derimot er bruket Bratland skyldlagt for seg, men var og brukt under Mælum. Eigar og brukar både av Mælum, Diserud og Bratland var i 1838 Iver Eriksen Mælum.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Diserud under Mælum oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje på Diserud da utgjorde 101 mål, og av dette var 34 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at husdyrhaldet på Diserud da var 2 hestar, 4 storfe og 13 småfe, og at den årlege utsæd der da var ca. 5 tønner korn. Eigar og brukar av Diserud i den tid var Iver Mælum.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen. Diserud vart da atter matrikulert som sjølvstendig gardsbruk med samla matrikkelskyld 4,42 mark. Det var elles alt da 2 bruksnummer under gardsnummer 157 Diserud. Dei var: 1. Grn. 157, brn. 1 Diserud av skyld 3,45 mark med Kristian Mælum som eigar og brukar, b. grn. 157, brn. 2 Diserud-Øen, av skyld 0,97 mark, som Flokeli/Bruks Interessentselskap var eigar og brukar av.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at Ole Johannessen Kirkerudmoen hadde overtatt og var eigar og brukar av grn. 157 brn. 2 Diserud-Øen framleis av skyld 0,97 mark.

Ved kommunevalet i 1907 budde det 2 personar med røysterett på Diserud. Dei var: 1. gardbrukar Kristian I. Mæhlum, 54 år, 2. husmor Marie Mæhlum f. Lunke, 31 år.

Av handlar med grn. 157 Diserud i seinare tid tek vi tilslutt med at i 1927 overtok så sonen Halvard Mælum garden Diserud etter foreldra.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 framleis berre eitt gardsbruk under gardsnr. 157 Diserud. Det var: grn. 157, 163, brn. 1, 3 og 5 Diserud med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på ca. 82 mål (dekar), som Halvard Mælum var eigar og brukar av.